



I 32 år har ho drive butikk med særpreg, Inger Lise Eidsvik. Det starta som ein bruktbuikk, men har gjennom åra utvikla seg til attraktive Lises Krambu, og der finn du alt mogeleg, både nytt og gammalt.

**Det er ein butikk som vert lagt merke til av tilreisande, og Inger Lise seier at ho helst har få uskedelingar i kundekretsen.**

- Eg har mange trufaste kundar frå andre Kvinnheradsbygder, ja, eg har nokon herfrå òg, men mest frå andre bygder. Men slik er det. Ja, og så er det mange turistar som kjem innom, og dei er imponert over kor mykje fint eg har, seier ho.

At butikken er godt kjent utanfor Kvinnherad, fekk ho eit bevis torsdag då Siv Fossåskaret frå NRK Hordaland stakk innom for å laga innslag som vart sendt i **Hordaland i dag** same dag.

- Eg visste jo ikkje at ho kom, og eg var opptatt med mange kundar, men eg trur ho likte seg godt her. Ho hadde interesse for antikvitatar og gjekk rundt i butikken og småprata med seg sjølv, fortel Inger Lise og når vi høyrer innslaget forstår vi at det stemmer. Vi får inntrykk av at den dama med den velkjende og kjære NRK-røysta verkeleg kosa seg blant vareutvalget i krambua.

De kan høyra innslaget i **Hordaland i dag** på torsdag ved å klikka [HER](#).

Og i krambua er det verkeleg mykje fint. Nokre imponerande flotte gammaldagse gramfononar kan ein ikkje unngå å leggja merke til. Då eg var innom hadde ho nett fått inn ei nydeleg gammal taklampe. I butikken har ho alltid veldig mykje fint handarbeid, frå nydelege dukar til flotte heimastrikka ting og til og med bunadere. Godt gammaldags snop har ho og, både kandis og bonga. Det let seg ikkje gjera å beskriva det varierte vareutvalget her, men det er berre å ta turen innom krambua og sjå det.

**Opningstidene er:**

Mandag - torsdag: kl.10.30-17.30

Fredag: kl.10.30-18.

Laurdag: kl.10.30-17.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Thomas Bruvik/Kvinnheringen